



Dato: 07.01.2015
Arkivref: 2015/12-317/2015 / 567

Saksbehandlar: Nils Kåre Nysæter
53 42 30 64
nils-kaare.nysaeter@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for areal og samferdsel	21.01.2015
	Kommunestyret	16.02.2015

TRAFIKKSIKKER KOMMUNE**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Bømlo kommune har som mål å bli sertifisert som «Trafikksikker kommune».
2. Bømlo kommune skal vere mellom dei 10 kommunane i Hordaland som vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden 2014-2017.

Dokument i saka:

1. Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova), Lov nr. 29, datert 24.06.2011
2. Folkehelseprofil 2013 – for Bømlo
3. St. melding nr. 47 – Samhandlingsreforma
4. Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017
5. Bømlo kommune sin Handlingsplan for folkehelse 2015

Bakgrunn for saka:

Utval for areal og samferdsel har i møte 19.11.14 bedt om sak for å vurdera kva som må gjerast for at Bømlo kommune kan bli ein «trafikksikker kommune».

Hordaland fylkeskommune har i sin handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 sagt at «Hordaland fylkeskommune ynskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert sertifisert som «trafikksikker kommune». Det vert sett som eit mål at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden».

Ein trafikksikker kommune er ei godkjenningssordning som kvalitetssikrar kommunen sin trafikktryggleik. Dette er utvikla av Trygg Trafikk og forankra nasjonalt og regionalt (nasjonale og regionale trafikksikringsplaner). Det inneber:

- Eit organisatorisk tiltak for trafikktryggleik – skildring av «beste praksis» for ivaretaking av kommunen sitt ansvar.
- Eit sett av kriteria for kommunen og dei ulike einingane. *Kriteria er utarbeida med utgangspunkt i dei lovar og reglar som gjeld for kommunen.*

- Enkle sjekklister for dei ulike einingane som vil vera eit godt verktøy for å kvalitetssikra arbeidet.
- Verktøy til støtte for kommunane – malar, rettleiarar, sjekklister, døme.

Det er utarbeida kriteria for ein "Trafikksikker kommune".

- Kommunen har forankra ansvaret for trafikktryggleiksarbeidet hos ordførar og rådmann, men delansvar kan liggja hos den einskilde einingsleiar.
- Kommunen har eit utval med ansvar for trafikktryggleik.
- Kommunen har innarbeidd trafikktryggleik i HMS/internkontrollsystemet som inneheld reglar for reiser og transport i kommunen sin regi, og ved kjøp av transporttenester.
- Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulukker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.
- Kommunen har ein trafikksikringsplan som er forankra i fylket sin trafikksikringsplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutinar. Planen tek i vare både trafikantretta og fysiske tiltak.
- Alle kommunen sine areal- og reguleringsplanar vert vurdert med omsyn til trafikktryggleikstiltak.

Kommunen har innarbeidd kriteria/sjekklister for kommunen sine verksemder (teknisk, barnehage, skule, kultur, helse og veg).

Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk har som mål at mange «trafikksikre kommunar» skal bidra til å styrkja det førebyggjande trafikksikringsarbeidet – noko som er avgjerande for å redusera talet på drepne og hardt skadde i trafikken. I det vidare arbeidet vil dei primært jobbe direkte med kommunane – gjennom sertifisering av skular og barnehagar som vil vera del av sertifiseringa som «trafikksikker kommune».

Vurderingar:

Ny lov om folkehelse legg eit større ansvar på kommunane, noko som vert streka under i folkehelseforskrifta. Folkehelse gjeld alle sektorar i kommunen, slik at alle sektorar skal involverast for å fremja folkehelsearbeidet, ikkje berre helsesektoren. Trafikksikringsarbeid er eit godt døme på både førebygging og helsefremjing då det er med på å gjera det tryggare å ferdast i trafikken, samstundes som det kan auke aktiviteten ved at fleire sykklar eller går både til skule, aktivitetar og arbeid.

Skular og barnehagar skal sertifiserast som trafikksikker skule/barnehage for at kommunen skal kunne sertifiserast som trafikksikker kommune.

Det vert starta opp eit pilotprosjekt der kommunane Austrheim, Vaksdal og Lindås skal sertifiserast som trafikksikker kommune. Dette pilotprosjektet er starten på arbeidet med å nå minst 10 trafikksikre kommunar i Hordaland. Det er FTU (fylkestrafikksikringsutvalet)/fylkeskommunen som eig prosjektet og som bidreg med stimuleringsmidlar til kommunane. Kommunen har ansvar for forankring, nødvendige personellressursar til gjennomføring og dokumentasjon i egen organisasjon. Trygg Trafikk er rettleiar og rådgjevar for kommunane i sertifiseringsprosessen og er ansvarleg for sertifiseringa. Om Bømlo kommune vert ein av desse 10 trafikksikre kommunane, så kan også me søkje om stimuleringsmidlar.

Rådmannen vurderer at systematisk trafikksikringsarbeid kan styrkja kommunen sitt trafikksikringsarbeid og gje gevinstar

- Administrativt (systematisk, på tvers av einingane)

- Politisk («vert løfta opp»)
- Kulturelt («gjennomsyra») ved at det styrker samarbeid med andre aktørar som også har ansvar for trafikktryggleik som t.d. skule, barnehage og teknisk avdeling
- Andre kommunar (felles tilnærming)
- Fylkeskommunen/FTU (som skal koordinera og stimulera)
- Trygg Trafikk (fasiliterar, stimulerar) systematisk trafikksikringsarbeid bidrar til at vi når enda fleire og at dei viktigaste tiltaka vert prioritert.

I arbeidet med Bømlopakken vil fysiske forhold på vegnettet i Bømlo bli monaleg betre. Det blir m.a. fleire meter med gang og sykkelveg som vil gje betre tryggleik for både syklende og gåande. Bømlo kommune har vedtatt ein planstrategi, der revidering av gjeldande trafikksikringsplan skal gjerast i løpet av 2015.

Bømlo kommunestyre har gjennom sitt vedtak av handlingsplan for folkehelse 2015 stadfesta at kommunen har som mål å bli «trafikksikker kommune». Rådmannen vurderer dette som ein god strategi for det kontinuerlig førebyggjande og helsefremjande arbeidet i kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Det er høve for kommunen om å søkja om stimuleringsmidlar på inntil kr. 100 000. Det er også høve for kommunen å søkja om midlar til revidering av gjeldande trafikksikringsplan. Det må likevel leggjast inn eigendel frå kommunen si side i form av eigeninnsats.

Miljømessige konsekvensar:

Ikkje aktuelt.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Meir og systematisk fokus på arbeid med trafikksikring, og sertifisering av t.d. skular og barnehagar vil kunne føra til auka beredskaps- og samfunnstryggleik.

Folkehelse:

Trafikktryggleiksarbeid er eit godt døme på både førebygging og helsefremjing då det er med på å gjere det tryggare å ferdast i trafikken, samstundes som det kan auka aktiviteten ved at fleire sykklar eller går både til skule, aktivitetar og arbeid.

Oppsummering og konklusjon:

Rådmannen meiner at Bømlo kommune bør ha som mål at vi skal vere mellom dei 10 kommunane i Hordaland som vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden 2014-2017.